

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/968-1

Revisjon av forskrift til ordensreglement på dei vidaregåande skulane 2014

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Forskrifta gjeld frå 01.04.2014.
3. Skuleutvalet vedtek revidert ordensreglement for den ein skule, i samsvar med revidert forskrift.
4. Dei vidaregåande skulane skal sende revidert ordensreglement til fylkesdirektøren for godkjenning seinast 01.06.2014.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka:

Stortinget vedtok 19.3.2013 endringar i Lov om vern mot tobakksskader. Endringane medfører tobakksforbod i skular og barnehagar frå 01.07.2014. Etter dette skal alle elevar i vidaregåande skule vere tobakksfrie i skuletida. Tobakk omfattar både røyk og snus. Forbodet gjeld i skulen sine lokale og på skulen sine område, heile døgeret. Elevane har etter dette ikkje lov til å gå utanfor skulen sitt område for å røyke i friminutta, men dei kan gjere det i fritimar.

[Lov om endringar i tobakksskadelova](#)

På bakgrunn av endringane i tobakksskadelova legg fylkesdirektøren for opplæring no fram sak om revisjon av forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane, slik at både forskrift og ordensreglement vert i samsvar med ny lovtekst frå 1.7.2014.

Opplæringslova slår i §9a-1 fast at alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. I læreplanverket går det

fram at elevane skal utvikle ein helsefremjande livsstil og lære å ta vare på eiga fysisk og psykisk helse.

Skuleeigar har også tidlegare hatt høve til å påleggje elevane forbod mot bruk av tobakk gjennom forskrift om ordensreglement, med heimel i opplæringslova §§ 2-9 og 3-7.

I Sogn og Fjordane er det ikkje gjort slikt vedtak. Dei vidaregåande skulane har sjølv hatt høve til å vurdere dette, ut frå lokale tilhøve. 6 av skulane har innført totalforbod på skulen sitt område. Nokre fleire skular har hatt slikt forbod, men har seinare vald å leggje til rette for røyking på tilviste plassar, etter negative tilbakemeldingar frå naboar.

Til orientering kan det nemnast at fylkestinget i Nordland har vedteke tobakksfri arbeidstid for alle fylkeskommunalt tilsette frå 01.07.2014.

Om ordensreglement

Alle vidaregåande skular skal ha eit ordensreglement etter opplæringslova § 3-7. Ordensreglementet skal ha forskriftsstatus, og det skal vedtakast i skuleutvalet. Ordensreglementa skal byggje på fylkeskommunal forskrift.

Ordensreglementet skal regulere elevane si åtferd i timane, friminutta, på skulevegen og på turar eller ekskursjonar i regi av skulen.

Dette inneber at elevåtferd utanfor skulen sitt område, men i skuletida, kan regulerast av ordensreglementet. Fritimar er likevel, som nemnt, frå Kunnskapsdepartementet si side vurdert som fritid, og kan ikkje omfattast av ordensreglementet.

Hovudutval for opplæring vedtok gjeldande forskrift for ordensreglement for dei vidaregåande skulane første gang i sak 06/07. Forskrifta er seinare revidert i sak 02/09. Forskrifta regulerer krav til og innhald i ordensreglementa.

Endringane i tobakkskadelova

Forbodet går fram av kap 5, § 27: Tobakksforbud på skoler og i skoletiden
*Tobakksbruk er forbudt i grunnskoler og videregående skolars lokaler og uteområder.
 Elever ved grunnskoler og videregående skoler skal være tobakksfrie i skoletiden.
 Bestemmelsene i § 25 tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende.
 Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføring og utfylling av disse bestemmelser og kan gjøre unntak fra dem.*

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. er endra tilsvarende, slik at ny § 18 lyder: *Tobakksforbud i skoler og barnehager. Tobakksbruk er forbudt i skoler og barnehager, jf. tobakkskadeloven § 26 og § 27. Forskrifta trer i kraft 1.7. 2014.*

[Pressemelding på regjeringa.no](#)

Framlegget om endringane i tobakkskadelova var på høyring i 2012. Fleire høyringsinstansar uttrykte bekymring for korleis tobakksforbodet skulle handhevast.

I Prop 55L Endringer i tobakkskadeloven vert det i kap 4.3 understreka at:

..... Skoleeier bør innta reguleringene i sitt ordensreglement og følge opp på vanlig måte. Reglementene inneholder regler om atferd, regler om hvilke tiltak som skal kunne brukes mot elever som bryter reglementet og regler om fremgangsmåten når slike saker skal behandles. Departementet mener uansett at signaleffekten av et slikt forbud vil være viktig i forhold til å påvirke unges holdninger til tobakksbruk. Det er dokumentert at skoler med slike forbud har færre tobakksbrukere enn skoler uten forbud. Når det gjelder avgrensningen av hva som skal regnes som «skoletid» anser departementet at vurderingen bør sammenfalle med avgrensningen for ordensreglementenes virkeområde. Kunnskapsdepartementet har tidligere uttalt om ordensreglementets virkeområde at dette kan regulere elevenes atferd i timene, i friminutt, på skoleveien og turer/ekskursjoner i skolens regi. I NOU 1995: 18 er det understreket at

ordensreglementet kun kan gi regler med virkning utenfor skolen så langt det kan være grunn direkte for skolegangen. Ordensreglementet vil kunne ha regler om elevenes atferd til og fra skolen, men ikke i elevenes fritid ellers. Dette innebærer at spørsmålet ikke bare blir om eleven er innenfor skolens område, men om elevatferd utenfor skolen kan reguleres i ordensreglementet. Her blir forholdet til elevens fritid relevant. Dersom elevene har fritimer og oppholder seg utenfor skolens nærområde, f.eks. hjemme, vil dette anses som fritid. Friminutter er derimot del av skoletiden. Det understrekes videre at skoleturer o.l. vil omfattes av forbudet.....

Handheving av forbudet

Skuleigar er formelt ansvarleg for at tobakksforbudet vert handheva. I det daglege er rektor ansvarleg for å følge opp. Rektor skal informere leigetakarar om røykeforbudet på heile skulen sitt område, heile døgeret, frå 1.7.2014.

Tobakksforbudet og handhevinga av dette skal vere ein del av skulen sitt internkontrollsystem. Skuleigar skal føre tilsyn med at skulane følgjer lova, jf. § 29.

Skular med internat kan møte særskilde utfordringar i høve handheving av totalforbudet mot tobakksbruk på skulen sitt område. Det har førebels ikkje kome utfyllande forskrift til lova om gjennomføring og/eller unntak frå reglane. Fylkesdirektøren for opplæring har teke problemstillinga opp med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kvalitets- og rutinehandboka for opplæringssektoren er oppdatert med nytt oppslagsark som viser endringane i tobakksskadelova.

Dei vidaregåande skulane fekk utkast til revidert forskrift på høyring 3.2.2014.

Det kom tilbakemelding frå ein skule. Elevane som hadde drøfta framlegget var samstemde i at eit tobakksforbod også må gjelde dei tilsette ved skulane.

Oppsummering

Forskrift til ordensreglement har i framlegget fått nye punkt 18 og 19 i §5 Innhald.

§ 5 Innhald

Ordensreglementet skal innehalde:

.....

og reglar for følgjande område:

Nytt punkt 18: Forbod mot tobakksbruk i skulen sine lokale og på skulen sine område

Nytt punkt 19: Forbod mot tobakksbruk i skuletida

I tillegg er ein feil i § 3 Førebuing og vedtak retta opp. Ordet «forskrifta» er bytt ut med «ordensreglementet».

Forskrifta skal gjelde frå 01.04.2014. Skulane sine ordensreglement skal vere reviderte i samsvar med forskrifta og sendast til fylkesdirektøren til godkjenning seinast 01.06.2014. Reviderte ordensreglement skal gjelde frå 1.7.2014. Fylkesdirektøren vil fortløpande følgje opp skulane med informasjon og rettleiing.